



RAN Seilforening inviterer med dette til RAN Eintype Regatta (RER) for F18, Melges 24, Albin Express, Knarr, Snipe, Yngling, Oselvar, 2,4M og Laser. Regattaen vil ha KM-status for dei klassane som oppfyller Hordaland Seilkrets sine KM-krav for eintypeklassar, NC-status for 2,4M og inngå i Norgesranking for Melges. RER er ei flott helg med tett eintypesegling på pølsebane, minnerike sosiale hendingar i Anglevik og fremjing av eintypesegling på Vestlandet.



Regattaen vil være underlagt ”reglane” slik dei er definert i Kappseilingsreglene 2013-2016, NSF's lisensreglar, aktuelle klassevedtekter, aktuelle klassar sine rankingreglar, Hordaland Seilkrets KM-reglement for Eintypeklassar og seglingsprogrammet for RER.

Sportsleg opplegg

- Det vert segla inntil 10 seglasar på Hjeltefjorden/Hauglandsosen
- Laurdag: inntil 6 løp
- Sundag: inntil 4 løp
- Alle seglasar går på pølsebane
- Løpslengde: 45-60 minutt med 2 krysslegg og 2 lenselegg
- Lavpoengsystem:
 - 1-3 løp: alle løpa tel
 - 4-7 løp: 1 strykning
 - 8-10 løp: 2 strykningar





Regattakontor

Regattakontoret er i klubbhuset til RAN Seilforening og har fylgjande opningstider:

Fredag 27. september: 18.00–19.00

Laurdag 28. september kl. 08.30–09.30

Sundag 29. september kl. 08.30–09.30

Etter seglasane er regattakontoret oppe til ein time etter protestfristen.



Deltakarar

Lokale lag frå Hordaland og tilreisande lag. I samarbeid med flåtekapteinane i dei ulike klassane vert det arbeidd for å organisera eit tilbud om utlånsbåtar. I tilfelle det skjer uhell må kvart lag som låner båt, på førehand skriftleg garantera for eigenandelen til forsikringa på den aktuelle båten. Tilreisande lag kan segla med sine egne segl.

Kontaktpersonar:

Melges	Jens Wathne	995 68 688	nor649@gmail.com
Express	Carl Olav Wickmann	413 26 639	co_wickmann@hotmail.com
Yngling	Sverre Valeur	916 81 000	sverre@teambergen.no
F 18 & Snipe	Trond Aarø	464 57 952	trond@agitera.no
Oselvar	Kjell Totland	480 06 962	kjell.totland@nhh.no
2,4 M	Tom Lauritz Haaland	922 82 049	gipsy@haalandweb.net
Knarr	Carl Fredrik Joys	917 50 395	cfj@cuppcomputing.com
Laser	Peter Thomas Hansen	906 07 253	peter@dynamotoh.no



Tidsprogram fredag 28. september

1930: Velkomst i klubbhuset: orientering Ran Eintype Regatta 2013

2000: Presentasjon av eintypesatsing i Hordaland Seilkrets

2030: Foredrag om segling i eintypefelt

2100-2400: Seglarpub i klubbhuset



Laurdag 29. september

1000: Fyrste varselsignal

1000-1700: inntil 6 løp

(1200: start RAN Seilforening sitt klubbmesterskap for T/H. Disse båtane seglar på faste merker i Hjeltefjorden med målgang i Anglevik.)

1700: til lands, fortøyning og nedrigging, suppe i nauset, storskjerm med dagens fotofangst

1900-0100: Seglarfest i klubbhuset med varmt/kaldt koldtbord levert av Fana Catering, bar, premieutdeling Ran Seilforenings Klubbmesterskap fir T/H og premieutdeling for Hjeltefjordtrimmen 2013. Det vert eigen online påmelding og betaling av denne festen. Festkontigent: 300 kr.



Sundag 30. september

1000: Fyrste varselsignal

1000-1430: inntil 4 løp

1500: til lands, nedrigging/klargjering for heimreis


1545: suppe i klubbhuset og premieutdeling

1630 avslutning og heimreise

Hamn og overnatting

Alle deltagende båtar i RER kan liggja kostnadsfritt langs kaiene som er markert med raudt på teikninga av RAN Seilforening si hamn i Anglevik. Det vert utarbeidd eigen hamneplan som vil visa kva klassar som ligg kvar. Laser, Oselvar, Sniper og F18 kan stå på traller på land. Parkering av bilar og tilhengarar skjer gratis på RAN's parkeringsplass. Det er trådløst gjestenett i hamna.

Tilreisande lag kan overnatta i *Ranheim* som har overnattingskapasitet på 36 personar. Soving i etasjekøyer, ta med sovepose. Pris: 100 kr/natt. Det er kjøkken, tørkerom, garderobe, dusjar og toalett i Ranheim + tilgang til garderobar, dusjar og toalett i klubbhuset. Meir info om *Ranheim* finst på <http://ranseil.no/dokmnr//Anlegg/Ranheim.pdf>



Kranbruk

For sjøsetjing av tilreisande deltakarbåtar som kjem på tilhengar, er det jolleslipp, betongslipp og kran med 15 tonn kapasitet. Det er kranførar tilgjengeleg alle dagar. Dei med lengst reiseveg stiller fyrst i krankøen sundag.



RAN Seilforenings Klubbmesterskap for T/H

Laurdag 28. september går RAN Seilforening sitt klubbmesterskap for T&H av stabelen. Desse båtane tevlar i NOR Rating og seglar eit løp på faste merker med start frå pølsebanen mellom to av eintypebåtane sine løp. Varselsignal for klubbmesterskapet sin start vert kl. 1200 og desse båtane vert så sendt ut på eit 2-3 timars løp på faste merker utanfor baneområdet til eintypebåtane. Målgang for klubbmesterskapet vert ved Ran Seilforening sitt anlegg i Anglevik. Deltakarane i klubbmesterskapet er sjølvstilt inviterte på dei sosiale hendingane under RER.

Påmelding

Startkontingent for RER er kr. 800 for 4-mannsbåtane Melges og Express, kr. 500 for 2-3 mannsbåtane Yngling, Oselvar, Snipe, Knarr, og F18, kr. 300 for 1-mannsbåtane Laser og 2,4M. Påmeldingsfrist: onsdag 25. september 2013. Båtar som melder seg på etter påmeldingsfristen må betale dobbel startkontingent. Påmelding og annan info om regattaen finn du via www.ranseil.no

Premiering

Det vert 1/3 premiering til kvar båt i kvar klasse. Hordaland Seilkrets sine KM-medaljar i gull, sølv og bronse.



Spørsmål kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39 / kjellmag@gmail.com)

www.ranseil.no



Velkomen til RAN Seilforening og RAN Eintype Regatta!